**KOMMISJONSVEDTAK** **2003/EØS/23/21**

**av 27. desember 2000**

**om endring av vedtak 1999/465/EF om fastsettelse av status for storfebesetninger i visse medlemsstater eller regioner i medlemsstater som offisielt fri for enzootisk bovin leukose(*)**

[*meldt under nummeret K(2000) 4146*]

(2001/28/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet([1]), sist endra ved direktiv 2000/20/EF([2]), særleg vedlegg D kapittel I avsnitt E, og

ut frå desse synsmåtane:

1) I medhald av kommisjonsvedtak 1999/465/EF av 13. juli 1999 om fastsettelse av status for storfebesetninger i visse medlemsstater eller regioner i medlemsstater som offisielt fri for enzootisk bovin leukose([3]) har visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar fått tildelt status som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.

2) Dei rette styresmaktene i Sverige har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at alle krava i vedlegg D kapittel I avsnitt E i direktiv 64/432/EØF er stetta.

3) Det verkar difor rimeleg å rekne Sverige som offisielt fri for enzootisk bovin leukose i samsvar med føresegnene i det førnemnde direktivet, og å endre vedtak 1999/465/EF tilsvarande.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedtak 1999/465/EF vert endra ved at ordet «Sverige» vert lagt til i lista over medlemsstatar i vedlegg I.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 27. desember 2000.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 6 av 11.1.2001, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 75/2002 av 25. juni 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 49 av 3.10.2002, s. 9.

([1]) TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

([2]) TEF L 163 av 4.7.2000, s. 35.

([3]) TEF L 181 av 16.7.1999, s. 32.